

Saksframlegg

Saksbehandlar: Eva Moberg, Nærings- og kulturavdelinga

Sak nr.: 19/783-1

Musea i Sogn og Fjordane - fellesmagasin og museumsbygg

Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Investeringsprosjektet «Kløften» vert ikkje realisert. Fylkestinget legg til grunn at Musea i Sogn og Fjordane realiserer fellesmagasin for musea i fylket i tidlegare Ramstad eskefabrikk i Angedalen i Førde.
2. Eventuell fylkeskommunal medverknad i nye investeringsprosjekt i regi av Musea i Sogn og Fjordane vert å vurdere med grunnlag i konkrete søknadar frå museumsstiftinga. Slike søknadar må vise kva som er føremålet med prosjekta og elles vise investeringskostnadar, driftskonsekvensar og korleis investeringane/drifta er tenkt finansiert.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen førebu ei sak med framlegg til dekking av dei kostnadene som er gått med til forprosjekt for «Kløften», mellom anna kostnader som skal delast med Førde kommune. Fylkesutvalet får fullmakt til å følgje opp dette.

Vedlegg:

1. Museumsfagleg bidrag frå MiSF til søknad om statlege investeringsmidlar til prosjektet «Kløften», datert 22.06.18
2. Svar frå Kulturdepartementet på søknad om statlege investeringsmidlar, datert 30.01.19
3. Innmelding av investeringsbehov frå MiSF, datert 31.08.18
4. Oversending av styrevedtak i MiSF, datert 25.02.19
5. Notat frå MiSF, datert 04.02.19 om Musea i Sogn og Fjordane sitt behov for bistand fram mot 1.mars 2019
6. Notat frå MiSF, datert 04.02.19 om overgangen til Vestland fylke og mogelege konsekvensar for Musea i Sogn og Fjordane
7. Kopi av søknad til Kulturdepartementet frå MiSF om investeringsmidlar til fellesmagasin på Ramstad av 05.03.2019
8. Kopi av søknad til Kulturdepartementet frå MiSF om investeringsmidlar til vernebygg for Holvikejekta av 05.03.2019
9. Referat frå møte 12.03.19

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I FT-sak 56/18, pkt. 10, vedtok FT følgjande:

«Fylkestinget ber om å få utgreidd ei sak til fylkestinget i april om Kløften, og om korleis vi ev. på andre måtar kan løyse dei utfordringane som er knytt til administrasjonsbygg, utstillingslokale og parkeringsareal ved Sunnfjord Museum. Vi vil også at museet sine planar for fellesmagasin, Ramstad, Kvernsteinsparken og vernebygg for Holvikjekta vert vurdert og synleggjort, slik at vi ev. kan justere desse i budsjett 2019. Fylkesutvalet følgjer opp dette vidare»

Fylkesrådmannen gjev først i saka ei oversikt overarbeidet med «Kløften» så langt, og MiSF sine disposisjonar og nyare vedtak i høve museumsbygg. Eg kjem så med ei tilråding om korleis FT bør følgje opp.

Historikk og tidlegare vedtak

Det har sidan 2006 vore arbeidd med mål om å realisere betre magasinlokalitetar for samlingar til Musea i Sogn og Fjordane. Samstundes utarbeidd Sunnfjord Museum skisser for nybygg for utstilling, magasin og tilfredsstillande arbeidsforhold. Dåverande ABM-utvikling (statens organ for fagleg utvikling innan arkiv, bibliotek og museum) ga i si tilbakemelding råd om at desse prosjekta vart sett i samanheng. Dette førte til at FT i sak 32/07 gjorde følgjande vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune tek ansvar for vidare arbeid med realisering av fellesmagasin for musea i fylket.
- 2 Fellesmagasinet vert lagt til Sunnfjord Museum, og utbygginga vert samordna med museet sine utbyggingsplaner.
- 3 Fylkestinget føreset at fellesmagasinet dekkjer dei samla magasinbehova i fylket, og at musea innrettar si framtidige gjenstandsforvaltning i høve dette.
- 4 Realisering av fellesmagasin vert å vurdere i samband med handsaminga av fylkeskommunen sin investeringsplan.

På bakgrunn av dette har fylkeskommunen drive prosessen vidare med rom- og planprogram og arkitektkonkurranse - som i 2011 vart avslutta med val av konseptet «Kløften» i Movika i Førde. På grunnlag av dette vart det først sett i gong eit skisseprosjekt og deretter eit forprosjekt for å konkretisere og vise løysingar. Dette og for å få ei stegvis og forankra framdrift med gode prosessar opp mot brukarane. Musea deltok i prosessen både frå fellesadministrasjonen for MiSF og Sunnfjord Museum. Fylkeskommunen, Førde kommune og dei andre kommunane som sokna til museet stilte seg bak prosjektet. Det har vore arbeidd mykje med å tilpasse prosjektet til alle funksjonar, skalere det ned i høve det opphavelige prosjektet, og for å kutte kostnader.

Musea i Sogn og Fjordane kjøpte i 2017 Ramstad eskefabrikk i Angedalen i Førde med tanke på framtidig magasinbygg for oppbevaring av store gjenstandar, som t.d. båtar. På bakgrunn av dette vart forprosjektet for Kløften omarbeidd, for å i vareta ei delt magasinløyning. I den museumsfaglege vurderinga knytt til søknad om statlege investeringsmidlar til prosjektet «Kløften» (vedlegg 1), vert dette omtalt som følgjer:

«Musea i Sogn og Fjordane har ei stor utfordring når det gjeld magasin for samlingane. Nokre avdelingar har gode magasin for deler av samlingane, men saknar magasin for større gjenstandar. Andre avdelingar saknar gode magasin i det heile. Særlege er tilhøva ved Sunnfjord Museum, som berre har provisoriske lokale for samlingane som m.a. tel om lag 15 000 kulturhistoriske gjenstandar. I kombinasjon med oppgradering av fabrikkbygget i Angedalen som museet har kjøpt, vil «Kløften» gje MiSF svært gode oppbevaringstilhøve for samlingane for heile museet, som vil legge til rette for ei berekraftig, heilskapleg samfunnsutvikling»

Forprosjektet for ei nedskalert løysing av «Kløften» vart presentert i januar 2017. Dei samla prosjektkostnadane så langt er på om lag 6,8 mill. kr. Av desse er 3,5 mill. kr. knytt til sjølve forprosjektet, der kostnadane i følgje avtale skal delast mellom Førde kommune og fylkeskommunen.

Det vart søkt Kulturdepartementet om tilskot til realisering av «Kløften» i 2017 og 2018. «Kløften» har ei kostnadsramme på omlag 250 mill. kroner inkl. mva. Investeringskostnadane i er tenkt finansiert med 2/3 av fylkeskommunen, Førde kommune og dei andre kommunane som soknar til Sunnfjord Museum. Søknaden til staten omfatta såleis 1/3 av investeringskostnadane.

Musea i Sogn og Fjordane gjorde styrevedtak 14.06.16 om delt magasinløysinga, inkl. iverksetjing av forprosjekt for «Kløften» (jf. notat til FU 10.06.1016). Det er også gjort ei museumsfagleg vurdering knytt til søknaden om statlege investeringsmidlar til prosjektet «Kløften» (jf. vedlegg 1). Denne vurderinga var eit ettersendt vedlegg til søknaden til Kulturdepartementet i 2018. Her vart det utdjupa og gjort greie for løysingar som svar på/ etterlysing frå kulturrådet/kulturdepartementet i deira avslagsbrev av 15.01.2018.

Musea gjer i notatet av 22.06.2018 greie for dei store utfordringane når det gjeld magasin for samlingane i Sogn og Fjordane og vurderer at ei oppgradering av fabrikkbygget Ramstad i Angedalen, kombinert med «Kløften», vil gje gode oppbevaringstilhøve for samlingane for heile museet.

I den museumsfagleg vurderinga ligg også ei enkel analyse av framtidsbiletet i forhold til tal besøkande på Sunnfjord Museum og potensialet for å dra nytte av trafikken i området. Berekningane ligg rundt 30 000-50 000 besøkande. Det vert også vurdert at «Kløften» vil vere ein ny attraksjon i Sunnfjord og eit viktig bidrag i marknadsføringa av regionen og fylket.

I tillegg har MiSF, som svar på fylkeskommunen si kartlegging av utbyggingsplanar ved kulturinstitusjonane, i notat av 31.08.18, gjort ei konkret vurdering av framtidige investeringsbehov ved Musea i Sogn og Fjordane (sjå vedlegg 3). Investeringsbehova knytt til fellesmagasin er der omtalt slik:

Fellesmagasin:

Bygget (tidlegare Ramstad Eskefabrikk i Angedalen) er kjøpt og målet er å bygge det om til eit komplett magasin som dekker det samla magasinbehovet for alle avdelingane i MiSF, inkludert visnings/publikums-magasin og studierom. Bygget har også mogelegheit for kontorplassar.

Prosjektet er på eit program-fase nivå og har ein førebels investeringskostnad på 35 mill. kr. Dette kjem i tillegg til dei 12 mill. kr som MiSF sjølv har brukt i samband med kjøpet av eigedomen. MiSF har ei forventning om at fylkeskommunen bidreg med 10 mill. kr til dette prosjektet. Vi forventar at staten bidreg med dei resterande 25 mill. kr.

Å få på plass endeleg finansiering til nytt fellesmagasin er vårt absolutt største og viktigaste behov. I supplementet til Kløften-søknaden som vart sendt til Kulturdepartementet av SFFK og MiSF 22.juni 2018 er det også slått fast at Kløften og Fellesmagasinet må sjåast i samanheng, då magasinløysinga i Kløften vil vere utilstrekkeleg for å løyse MiSF sitt samla magasinbehov.

Styret i MiSF vedtok ein revidert strategiplan 01.11.18. Av denne går det fram at MiSF har som mål å prosjektere og sikre finansiering til prosjekta fellesmagasin Ramstad, Holvikejekta, Sunnfjord Museum og Norsk Kvernsteinsenter innan 2021. «Kløften» er ikkje del av MiSF sin strategi, og vert så langt fylkesrådmannen vurderer det ikkje omtalt i dokumentet.

Kulturdepartementet ga i brev av 29.01.19 avslag på søknaden (sjå vedlegg 2). Grunngevinga for avslaget er at det ikkje ligg føre ny grunnlagsdokumentasjon. Fylkesrådmannen meiner tilleggsdokumentet innsendt sommaren 2018 var godt gjennomarbeidd og då med vesentleg medverknad frå MiSF. Vidare heiter det at Musea i Sogn og Fjordane ikkje har fornya sin søknad for investeringstilskot til å oppgradere Ramstad. Kulturrådet legg til at dei meiner det er behov for ei fornya vurdering av om nybygget i Movika bør realiserast med magasin.

I FT vedtak 56/18 (budsjettet) vedtok fylkestinget at det skal søkjast på nytt til staten om investeringsmidlar til å realisere «Kløften»; jf. følgjande tekst i budsjettet vårt:

*«Vidare arbeid med fellesmagasin/«Kløften»
Søknaden til staten om tilskot til å realisere museumsutbygginga i Movika, «Kløften», vart ikkje imøtekomen i forslag til statsbudsjett for 2019. Det vert lagt til grunn at MiSF, Førde kommune og fylkeskommunen samarbeider om å fornye søknaden innan 1.mars 2019».*

I FT-sak 51/18 Handlingsprogram 2019-2022 til Kultur for alle, regional plan for kultur 2019-2027, handlingsprogram 2019-2022 heiter det m.a.:

Følgje opp vedtaket innan 1.mars 2019 om søknaden til staten om tilskot til å realisere museumsutbygginga i Movika, «Kløften».
Ansvaret: Musea i Sogn og Fjordane, fylkeskommunen, Førde kommune (på vegner av Jølster, Gaular, Naustdal, Fjaler og Førde kommune).

På bakgrunn av møte/samtaler med administrasjonen for MiSF om ev. ny søknad om statleg medverknad, bad fylkeskommunen i brev av 05.02.19 styret for MiSF ta stilling til om dei stiller seg bak søknaden.

På styremøte i MiSF 20.02.19 vart det i sak 6/19 gjort følgjande vedtak:

«Musea i Sogn og Fjordane syner til brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune dagsett 5. februar. Musea i Sogn og Fjordane syner vidare til innmeldt investeringsbehov i brev dagsett 31. august 2018. På bakgrunn av dette behovet har styret har gjort følgjande prioritering:

- 1.Fellesmagasin i Angedalen
- 2.Vernebygg til Holvikejekta
- 3.Oppgradering av kontor- og formidlingsbygg ved Sunnfjord Museum
- 4.Kontor- og formidlingsbygg for Norsk Kvernsteinsenter

Kulturdepartementet har i brev 15. januar 2018 og 30. januar 2019 stadfesta at ei delt magasinløysing mellom «Kløften» og fellesmagasin i Angedalen (Ramstad) bør revurderast. Musea i Sogn og Fjordane meiner at å bygge om Ramstad Eskefabrikk til eit fullverdig magasin er den beste museumsfaglege og driftsøkonomisk mest rasjonelle løysinga. På museumsfagleg grunnlag kan ikkje Musea i Sogn og Fjordane støtte ei delt magasinløysing mellom «Kløften» og Ramstad. Styret ønskjer heller å få til eit samarbeid om oppgradering av kontor- og formidlingsbygg ved Sunnfjord Museum. Musea i Sogn og Fjordane stiller seg såleis ikkje bak ein fornya søknad til staten om midlar til å realisere «Kløften».

Styret vil også nytte høvet til å rette merksemda til dei to notata som vart sendt til fylkeskulturadministrasjonen 4.februar 2019, høvesvis om overgangen til Vestland fylke og Musea i Sogn og Fjordane sitt behov for bistand fram mot 1.mars 2019.»

Førde kommune har, for sin del, i bystyrevedtak om justering av økonomiplanen i februar 2019 utsett investeringsløyving til «Kløften» til tidlegast 2023.

I brev av 28.02.2019 har Musea i Sogn og Fjordane opplyst at dei har etablert ei prosjektgruppe som skal kartlegge tilhøva ved Sunnfjord Museum i Movika, og komme opp med skisser på kva som må gjerast der. Kartleggingsarbeidet vert finansiert av MiSF sjølve, medan dei forventar ekstern finansiering av arbeidet med skisseprosjektet. Dei føreset vidare at MiSF er prosjekteigarar. Dei ber også fylkeskommunen om råd til korleis rigge prosessen.

Fylkeskommunen har 05.03.19 motteke kopi av MiSF sine søknader til Kulturdepartementet om investeringsmidlar til fellesmagasin i Angedalen og vernebygg for Holvikejekta. Av finansieringsplanane for tiltaka går det fram at investeringskostnadane på fellesmagasin på Ramstad no er på 65 mill. kr, at dei søkjer departementet om 40 mill. kr, og at dei forventar 20 mill. kr frå fylkeskommunen. For Holvikejekta er investeringssummen 35 mill. kr med forventa 10 mill. kr frå staten og 10 mill. kr frå fylkeskommunen.

Etter initiativ frå Førde kommune vart det 12.03.19 helde eit møte mellom MiSF, Førde kommune og fylkeskommunen for å gå gjennom prosessen med «Kløften», og drøfte den aktuelle situasjonen. Konklusjonane frå dette møtet kjem fram i vedlegg 9.

2. Vurderingar og konsekvensar

I notat av 04.02.19 til fylkeskommunen (jf. vedlegg 5) vurderer MiSF at det med bakgrunn i Kulturdepartementet sitt avslag, ikkje er ei aktuell løysing å arbeide vidare med «Kløften»-søknaden. MiSF meiner at eit samla magasin er den beste museumsfaglege og mest ressurseffektive løysinga og at Ramstadbygget i Angedalen då vil vere den mest tenlege og framtidsretta løysinga.

MiSF viser og til sitt styremøte 01.11.18 der dei ser følgjande behov for statleg investeringstilskot:

1. Nytt fellesmagasin i Ramstad eskefabrikk
2. Vernebygg til Holvikejekta

MiSF ynskjer i nemnde notat ein prinsipiell tilslutning frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til desse to søknadane før 1.mars som vedlegg til søknaden til departementet, samt ei avklaring på finansiering i FT i april. Vidare ynskjer MiSF at behova ved Sunnfjord Museum kan handterast ved omdisponering av den fylkeskommunale løyvinga som er sett av til «Kløften».

Fylkesrådmannen har, for sin del, ikkje hatt noko formelt grunnlag å gje tilslutning til dei nemnde prosjekta før 1.mars og det er MiSF gjort kjende med. Når det gjeld ev. omdisponering av den fylkeskommunale løyvinga til «Kløften», er denne basert på fylkeskommunalt eigarskap og såleis lånefinansiert. Desse midlane kan såleis ikkje nyttast til tilskot.

I vedtak av 20.02.2019 seier styret for MiSF også at det med bakgrunn i Kulturdepartementet sitt avslag, ikkje er ei aktuell løysing å arbeide vidare med «Kløften»-søknaden. Styret stiller seg ikkje bak ein fornya søknad om statlege midlar til «Kløften»-prosjektet.

Fylkesrådmannen viser til at det har vore arbeidd over lang tid med å realisere fellesmagasin for musea i fylket, samstundes som vi også skulle bidra til å forbetre tilhøva ved Sunnfjord Museum. Arbeidet har vore gjort i tett samarbeid med Musea i Sogn og Fjordane og Førde kommune og dei andre kommunane som soknar til museet. Når no styret i MiSF er tydelege på at dei ikkje vil stille seg bak ei fornya søknad i høve «Kløften», har fylkesrådmannen konkludert med at det ikkje er mogleg å fornye søknaden til Kulturdepartementet, jf. notat til fylkesutvalet 6.mars 2019. Dette betyr at det vidare ansvaret for å utvikle musea bør liggje til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Fylkesrådmannen vil også peike på at kulturrådet si formulering om å vurdere å realisere «Kløften» utan magasindel ikkje er særleg aktuelt. Prosjektet er både tomtemessig, teknisk og arkitektonisk utfordrande. Dersom ein då skal bygge på eit relativt lite areal gjev dette ein så høg kvadratmeterpris at fylkesrådmannen ikkje finn å kunne forsvare det i eit kost/nytte perspektiv.

Fylkesrådmannen meiner at det gjennom prosessen med «Kløften» er vist korleis utfordringane i Movika kan løysast. Dette er grundig utgreidd gjennom fleire fasar i prosjektet. Når det no ikkje lenger er aktuelt for MiSF å bidra til å realisere dette, må fokus vidare difor vere på fylkestinget sine formuleringar om på kva andre måtar som finst for å løyse utfordringane ved Sunnfjord Museum. Slik saka no står, må det etter fylkesrådmannen si vurdering vere opp til MiSF å initiere ei aktuell løysing.

Fylkesrådmannen vil i det følgjande fokusere på dei aktuelle prosjekta Musea i Sogn og Fjordane har lansert, her under også Sunnfjord Museum.

Fellesmagasin:

Arbeidet med å etablere eit fellesmagasin for musea var utgangspunktet for prosessen. Dette behovet er ikkje vorte mindre med åra. Ettersom Musea i Sogn og Fjordane alt har kjøpt Ramstad eskefabrikk til dette føremålet, er det etter fylkesrådmannen si vurdering viktig at anlegget vert lagt til rette for det.

På bakgrunn av kopi av søknad frå MiSF til Kulturdepartementet motteke 05.03.2019 registrerer vi at MiSF søker departementet om 40 mill. kr, og forventar 20 mill. kr i fylkeskommunal støtte av ein investeringskostnad på 65 mill. kroner. Bakgrunn for «Kløften»-prosjektet var at

fylkeskommunen og randkommunane til museet, representert ved Førde kommune, skulle eige bygget og såleis kunne nytte lånemidlar til å finansiere dette. Når Musea i Sogn og Fjordane no har kjøpt eit eige bygg som må rustast opp til dette føremålet, kan ikkje fylkeskommunen og kommunane lånefinansiere sine bidrag. Eit ev. tilskot til opprustinga vil då måtte finansierast som eit tilskot over driftsbudsjettet.

Sunnfjord Museum:

Utfordringane Sunnfjord Museum i si tid skisserte, omfatta kontor-/arbeidsplassutfordringar, manglande magasin, utstillingskapasitet, tilkomst til museumsområdet og avgrensa parkeringsareal. Det var også føresett at administrasjonen i MiSF skulle flytte til Movika, jamfør styrevedtak i MiSF om permanent lokalisering. Gitt etablering av fellesmagasin i Angedalen, vert magasindelen av utfordringane løyste. Dei andre utfordringane, også oppfølging av pålegg frå Arbeidstilsynet frå 2016, er framleis uløyste, slik også MiSF gjer greie for i notatet av 31.08.2018. I nemnde notat er det skissert ein sum på 5 mill. kr til desse utbetringane, med atterhald om at «Kløften» vert realisert innan rimeleg tid. Når «Kløften» no ser ut til å bli lagt bort, vil kostnadane knytt til oppgraderingar og utbetringar ved Sunnfjord Museum truleg få eit anna nivå. MiSF seier i brev av 28.02.2019 at dei no vil gå i gong med å kartlegge og skissere nye løysingar for museet i Movika.

I ein situasjon der prosjektet «Kløften» ikkje vert realisert, er det fylkesrådmannen si vurdering at Musea i Sogn og Fjordane sjølve må komme opp med samla skisser/planer for korleis dei vil løyse dei andre utfordringane ved Sunnfjord Museum, ikkje minst knytt til dei pålegg Arbeidstilsynet kom med i sin rapport i 2016, men også utstillings-/formidlingsareal, universell utforming, parkering og tilkomst. MiSF ønskjer å stå ansvarlege for prosess og tiltak sjølve. Det er viktig at desse planane også inneheld budsjett for investering og drift, og plan for finansiering. Fylkesrådmannen vil også her minne om at fylkeskommunen ikkje kan bidra med investeringsmidlar til eit prosjekt i regi av MiSF. Ev. fylkeskommunal deltaking må avgrensast til tilskot ein eventuelt finn rom for å finansiere innafor driftsbudsjettet.

Vernebygg for Holvikejekta:

Holvikejekta er det første og største objektet i samlinga til Nordfjord Folkemuseum. Jekta er plassert under mellombels overbygg på Øyrane på Sandane. Jekta er eit svært verdifullt objekt i museumssamlingane, og treng betre oppbevaringstilhøve og høve til meir aktiv formidling.

På bakgrunn av kopi av søknad frå MiSF til Kulturdepartementet motteke 05.03.2019, registrerer vi at MiSF søker departementet om eit tilskot på 10 mill. kroner, og forventar 10 mill. kr i fylkeskommunal støtte av ein førebels investeringskostnad på 35 mill. kr. Eit slikt ev. tilskot vil måtte finansierast over driftsbudsjettet. Gloppen kommune har sett av 10 mill. kr. i sin økonomiplan til dette tiltaket.

Kontor- og formidlingsbygg for Norsk Kvernsteinsenter:

Norsk Kvernsteinsenter driftar Kvernsteinsparken i Hyllestad. Parken er til rettelagt med turløyper og enkle grindbygg som gir rom for aktivitetar og formidling i sommarhalvåret. Senteret leiger kontorlokale i Hyllestad sentrum. Kontor- og formidlingsbygget vil legge betre til rette for heilårsformidling, og bidra til at tilsette er til stades i parken og såleis også vere meir tilgjengeleg for publikum. Det er i notat av 31.08.2018 skissert ein førebels kostnad på 25 mill. kr. for dette tiltaket.

Samla vurdering og drøfting:

Realiseringa av prosjektet «Kløften» ville gitt eit stort løft for museumssatsinga i fylket. Det ville også slik det arkitektonisk sto fram, vorte ein attraksjon i seg sjølv, og eit viktig bidrag til fornya formidling, og som eit tiltak for å utvikle reiselivstilbodet i regionen.

Dei omtalte museumsprosjekta (fellesmagasin, oppgradering av Sunnfjord Museum, vernebygg for Holvikejekta, bygg for Norsk Kvernsteinsenter) vil også, både kvar for seg og samla, bidra til å løfte museumsarbeidet i fylket. Men det vert samtidig vanskelegare for fylkeskommunen, og truleg også kommunane, å bidra økonomisk.

Fylkesrådmannen har i hovudsak hatt prosjektinformasjon som er skissert i notat av 31.08.2018 som grunnlag for sine vurderingar i saka. Innkomne kopiar av søknader til kulturdepartementet

er mottekne 05.03.2019, og vi har ikkje hatt høve til å gå inn i, og gjere nærare vurderingar av det enkelte prosjekt; t.d. rom- og funksjonsplan, investeringsbudsjett, driftsbudsjett og/eller finansieringsplan.

Fylkesrådmannen registrerer investeringskostnader og finansieringsplan som MiSF har oppgitt for fellesmagasin og Holvikejekta. For fellesmagasinet på Ramstad har MiSF m.a. skissert eit driftsbudsjett på 3 mill. kr. årleg, og 0,5-0,6 mill. kr. årleg for vernebygg for Holvikejekta. Fylkesrådmannen har ikkje klart føre seg om dette er driftskostnader MiSF planlegg å finne innan eksisterande ramme, eller om det er forventa auke i driftstilskot. Det er viktig at søknader om tilskot viser både behov for investerings- og driftsmidlar, og korleis prosjekta er tenkt fullfinansierte.

Fylkesrådmannen har forståing for at MiSF prioriterer fellesmagasinet først. Vidare vurderer fylkesrådmannen at situasjonen ved Sunnfjord Museum i Movika er alvorleg, gitt også pålegg frå Arbeidstilsynet frå 2016 og meiner at tiltak her bør ha prioritet framom vernebygget for Holvikejekta. Fylkesrådmannen forventar at Musea i Sogn og Fjordane, etter å ha avvist «Kløften»-prosjektet, sjølvve tek ansvar for den vidare prosessen med planer for utbetringstiltak ved Sunnfjord Museum, ev i samråd med Førde/Sunnfjord kommune (vertskommune). Fylkeskommunen kan på generelt grunnlag gi råd i prosessen, men fylkesrådmannen ser ikkje at fylkeskommunen, ut frå ein svært pressa situasjon innan bygge- og eigedomstenesta, kan prioritere å nytte ressursar til dette no.

Økonomi:

Dersom fylkeskommunen skal bidra økonomisk til eitt eller fleire av dei omtalte prosjekta, må dette skje som tilskot via driftsbudsjettet. Det er pr. i dag ikkje sett av slike midlar i budsjettet.

I prosessen med å utvikle «Kløften» var nettopp eigarskap og finansiering sentrale punkt for avklaring. Prosessen har vist at fylkeskommunen og kommunane kan stå som eigarar av bygget (same modell som for bygget for kunstmuseet), og difor kan lånefinansiere sin del av investeringskostnadane. For fylkeskommunen sin del gjeld dette samla sett om lag 92 mill. kr. Desse midlane kan ikkje omdisponerast og nyttast til tilskot til dei dei nye prosjekta i MiSF sin regi. Dette betyr i praksis at ev. fylkeskommunal delfinansiering av museumsinvesteringane, må skje innafor dagens driftsrammer.

Dersom fylkestinget ønskjer å vurdere slike bidrag, jf. vedtak i FT-sak 56/18, bør dette gjerast på bakgrunn av søknadar frå MiSF (eksterne søknader). Desse må vise føremål, byggeplanar, kostnadsoverslag, driftskostnader og finansieringsplan (investering og drift).

Kløften-prosjektet har så langt kosta 6,8 mill. kroner. Av dette er 3,5 mill. kr knytt til sjølvve forprosjektet, der det etter avtale skal vere kostnadsdeling med Førde kommune. Når grunnlaget for å gå vidare med prosjektet ikkje lenger er til stades, vurderer fylkesrådmannen det naturleg å sjå nærare på kostnadsdeling, jf. konklusjon på møtet 12.mars (vedlegg 9), og ønskjer å kome tilbake med ei sak i høve dei kostnadene som er gått med til prosjektet «Kløften», mellom anna dei kostnadane som skal delast med Førde kommune.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen vurderer at det på bakgrunn styrevedtak i MiSF, datert 20.02.19, ikkje er grunnlag for å fornye søknaden om midlar til «Kløften».

Eventuelt vidare engasjement frå fylkeskommunen si side bør vurderast med grunnlag i konkrete søknader frå MiSF.

Om det vert aktuelt å yte tilskot, bør fylkeskommunen sin førsteprioritet vere å sikre tilskot til medfinansiering av nytt fellesmagasin og til oppgraderingstiltak ved Sunnfjord Museum.